



Arkivnr: 2014/560-388
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		29.01.2019

Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 – Status etter to år

Samandrag

Fylkesrådmann har i politisk sak til behandling lagt fram status for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020.

Saka gjeld oppfølging av sak vedteken i Fylkestinget i desember 2016 (PS 102/2016): *Skulebiblioteket: Kunnskapskjelde, kulturberar og sosial møteplass. Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020.*

Hordaland fylkeskommune har hatt politisk vedtekne, strategiske planar for utvikling av bibliotek i dei offentleg eigde vidaregåande skulane sidan 2004. Hovudmålet er at skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål. I forskrift til Opplæringslova står det: «*Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.*»

Fylkesrådmann har no gått gjennom dei strategiske planane samt status, og erkjenner at det ikkje har vore høg nok merksemd på å gjennomføre skulebibliotekstrategien. Målet er at tilbodet skal vere likt på alle skular.

Vedlagt ligg saksframlegget til saka som skal behandlast først i KIRU 22.01.2019, OPHE 05.02.2019 og til slutt fylkesutvalet 20.02 2019.

Ungdommens fylkesutval bes om å ta stilling til om det skal sendes inn ei uttale som kan leggjast ved saka.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval gjer ei uttale i sak om utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.